



STORD KOMMUNALE EIGEDOM KF

ÅRSMELDING



Rundehaugen 45
5412 Stord
tlf. 53 49 66 00

ske@stord.kommune.no
www.stord.kommune.no

2015

Innholdsliste

Dette er Stord kommunale eidegom KF _____	3
Fakta om SKE KF _____	3
Visjon for Stord kommunale eidegom KF _____	3
Organisasjonskart og utvikling av organisasjonen _____	3
Oppsummering av 2015 _____	4
Aktivitetar i 2015 _____	5
Drift og vedlikehald _____	5
Reinhald _____	5
Grønt- avdelinga _____	5
Prosjekt _____	5
Kjøp og sal av eidegom _____	6
Helse miljø og tryggleik _____	7
Styret og styresaker _____	7
Årsrekneskap 2015 _____	8

Dette er Stord kommunale eidegom KF


Fakta om SKE KF

Namn:	Stord kommunale eidegom KF
Organisasjonsform:	Kommunalt føretak
Organisasjonsnummer:	994 294 261
Eigar:	Stord kommune
Etablert:	01.07.2009
Besøksadresse:	Rundehaugen 45, Heiane
Postadresse:	Postboks 304, 5402 Stord
Webadresse:	www.stord.kommune.no
E-post:	ske@stord.kommune.no
Dagleg leiar:	Arne Bjelland
Styreleiar:	Bjarte Salomonsen

Visjon for Stord kommunale eidegom KF

Stord kommunale eidegom KF skal gjennom god og effektiv forvaltning av kommunale eidegomar fremja trivsel og skapa gode vilkår for kommunal verksemd.

Organisasjonskart og utvikling av organisasjonen



I organisasjonen er det pr. 31.12.2015 til saman 24 tilsette fordelt på tre i administrasjonen, ein prosjektleiar, to byggeleiarar, 11 driftsoperatørar inkludert avdelingsleiar, tre i grøntavdeling og ein til forvaltning av bustadar. Stord kommunale eidegom KF er ei godkjend læreverksemd, og har hatt ein lærling tilsett i tømrarfaget gjennom heile året 2015.

Oppsummering av 2015

For Stord kommunale eigedom KF har 2015 vore eit travelt år med fleire store prosjekt, som har vore inne i forprosjektfasen. Då er det spesielt den nye ungdomskulen på Vikahaugane som det har gått mest tid til. I tillegg vart det i 2015 politisk skifte i kommunen, der partia i den nye koalisjonen antyda at føretaket skulle leggjast ned. I samband med handsaming av budsjett for 2016 vedtok kommunestyret at føretaket skulle leggjast ned frå 01.01.2016.

Me har tilsett to nye medarbeidarar i 2015. Dette er driftsoperatørar, der den eine skal erstatta ein som gjekk av med pensjon og den andre skal arbeide med mindre rehabiliteringsprosjekt.

Me har også i 2015 hatt to driftsoperatørar som me har selt inn til investeringsprosjekt, for å ha midlar til drifta.

Det har i 2015 vore ei lita stigning av midlar til løypande vedlikehald.

I vedtektene står det at føretaket skal ivareta eigaransvaret for Stord kommune sine eigedomar og bygg og sikra at dei verdiar som er nedlagt vert ivaretekne. SKE KF har i 2015 brukt dei midlane me har fått til rådighet på ein effektiv måte og fått utført noko meir vedlikehald enn dei føregående år.

I 2015 har SKE KF fortsett jobben me starta på i 2013 med å skifte ut bustader, som er lite eigna for dei brukargruppene kommunen har ansvar for. Seks nye sosialbustadar, som er tilpassa den einskilde brukar, vart ferdige i desember 2015. Arbeidet med 2 nye flyktningbustadar er starta opp og vil verta ferdige i løpet av 2016.

Eit av kommunen sine bustadhus brann ned i oktober 2015. Dette vert ei forsikrings sak, og huset vil bli bygd opp igjen i 2016.

Hausten 2015 starta arbeidet med å forhandla fram ein ny avtale med SIP om drift av Vikahaugane. Hovudavtalen gjekk ut 31.12.15. I den samanheng vedtok Stord idrettslag at dei ville trekka seg ut av SIP. Det resulterte i at SIP vart nedlagt og drifta av idrettsanlegget på Vikahaugane vart ført over til Stord kommunale eigedom frå 01.01.2016. Det vart i den samanheng utarbeida ein avtale med Stord idrettslag som klart viser kven som har ansvar for kva.

Aktivitestar i 2015

Drift og vedlikehald

Stord kommunale eigedom KF har ansvar for ytre og indre vedlikehald av kommunale bygningar og drift og vedlikehald av faste tekniske installasjonar som t.d. heis, varmeanlegg, sanitæranlegg, ventilasjonsanlegg, elektriske installasjonar, brannalarmanlegg, sprinklaranlegg og symjebasseng.

I tillegg til internkontrollar utført av føretaket, har vi og avtalar om service og vedlikehald med eksterne føretak.

Stord kommunale eigedom KF fekk malt to skular sommaren 2015. Av dei gamle skulane vart Langeland skule malt i ny farge, som stod meir i stil med nybygget. I tillegg vart det skifta farge på Nordbygdo ungdomskule, noko som delvis var ei garantisak. Me hadde inne fleire sommarvikarar som gjorde ein god jobb, og fleire bustadhus vart også malt.

Reinhald

Året 2015 har det vert ISS som har utført reinhald for dei kommunale bygga. Stord kommunale eigedom KF har hatt ein person i 40% stilling for oppfølging av reinhaldarane, og sjå til at dei gjer ein skikkeleg jobb.

Grønt- avdelinga

Grønt-avdelinga har ansvar for alle grøntområde tilhøyrande Stord kommune sine eigedommar. Plenar, blømebed, tre og buskar vert stelt godt med. I tillegg har avdelinga ansvaret for rydding av sentrum. Om vinteren er dei ein del av brøyte-beredskapen, og har ansvar for brøyting av gangveggar og fortau.

Grasbanane på Vikahaugane og i Prestagardsskogen ligg også under grøntavdelinga, og krev til tider mykje arbeid og tilsyn.

Grønt-avdelinga har i 2015 bestått av tre tilsette. I tillegg har dei ein avdelingsleiar i 20% stilling.

Det må nemnast at gøntavdelinga brukte mykje resursar på anlegget rundt Vikastemmo sommaren 2015, med det resultatet at parkområdet er blitt svært fint.

Prosjekt

Stord u. skule

Prosjekt «Kongen på haugane» har teke mykje av tida for prosjektavdelinga i 2015. Me har hatt jamlege møte med L2 arkitektar og konsulentane for dei ulike faga, for å lage til ein god anbudsbeskriving. I tillegg til nye skulen har ein jobba med ulike løysingar med omsyn på mellombels drift av skulen. Til slutt enda ein opp med at det skulle plasserast ein modulskule på Vikahaugane. I tillegg vil me leige fire klasserom ved Stord vidaregåande skule. Dette vil vera ei grei mellombels løysing medan ny skule vert reist.

Kulturhuset

Komité for næring, miljø og kultur vedtok i møte den 26.03.2014, sak PS 12/14 framlegg til disponering av investeringsmidlar for kulturhuset i 2014 og for økonomiplanperioden 2014-17. Med bakgrunn i dette skal tiltaka for 2015 utførst innanfor ei ramme på til saman kr. 5,3 mill.

I 2015 er det skifta ut el. kjelar, det er sett inn nye varmtvannstankar og det er skifta ventilasjonsanlegg. Lysarmaturane i bassengrommet vart også skifta ut.

Vikahaugane

Komit  for n ring, milj  og kultur vedtok i m te den 26.03.2014, sak PS 11/14 framlegg til disponering av investeringsmidlar for Vikahaugane i 2014 og for  konomiplanperioden 2014-17. Med bakgrunn i dette skal tiltaka for 2015 utf rst innanfor ei ramme p  kr. 4,0 mill.

I 2015 vart resterande garderober i «gamlehallen» rehabilitert. Her vart varme, ventilasjon, lys, dusjar, veggoverflater og golvflater skifta ut med nytt moderne anlegg.

Buneset

Stord kommunale eigedom KF starta opp med innvendig rehabilitering av bustadane i Buneset v ren 2015. Det var i budsjettet sett av kr. 1 mill. til dette arbeidet. Me fekk fullf rt totalrehabilitering av tre bustadar i l pet av  ret. Arbeidet vil halda fram i 2016.

Hystad skule

Stord kommunale eigedom KF fekk i oppdrag   bygge ut fire nye klasserom ved Hystad skule. Desse skulle erstatte den gamle paviljongen som var moden for riving. Prosjektet har ei kostnadsramme p  kr. 14 mill. Fronta bygg as vant konkurransen og skal ha bygget ferdig til hausten 2016.

Nys ter gravplass

Stord kommunale eigedom fekk i budsjettet for 2015 i oppdrag   utvida Nys ter gravplass med nye 500 graver. Prosjektet har ei kostnadsramme p  kr. 11,3 mill. fordelt p  2015 og 2016. Gravplassen ved Nys ter vil ha f  eller ingen graver igjen til hausten 2016, og derfor var det viktig   f  starte opp prosjektet. Framdrift viser at ferdigdato blir august/september 2016.

Nytt legevaktbygg

Stord kommunale eigedom KF fekk i oppdrag   vidaref re forstudiet som hadde vert, med   bygge nytt interkommunalt legevaktbygg og KAD avdeling ved Stord sjukehus, som er teikna av Link arkitektkontor. Bygget skal reisast inne p  verna område ved sjukehuset. Det har vert ein lang veg   g  i forprosjektet for   f  alle godkjenningar som skal til for   starte byggearbeidet. Oppstart anleggsarbeid medio februar 2016.

Kj p og sal av eigedom

Sal

Stord kommunale eigedom KF har selt 1 bustad og 3 husv re i 2015. Elles er det mindre sm  areal som er selt.

Totalt er det selt for kr. 3,8 mill. i 2015 (Oppgjer for bustad vert i 2016)

Kj p

SKE KF har kj pt «Bl bygget», Vassneset 1 og eit husv re i 2015.

SKE KF har og bygd 6 nye spesialbustadar i 2015. Dette prosjektet har f tt tilskot fr  husbanken, og er blitt eit godt prosjekt som vart ferdigstilt desember 2015.

SKE KF starta og opp med 2 stk. flyktningbustadar i 2015. Desse vil vera ferdige til sommaren 2016.

Helse miljø og tryggleik

Ytre miljø

Stord kommunale eigedom KF har ingen aktivitet som forureinar ytre miljø. Det er etablert gode rutinar for avfallshandtering. Det er inngått drifts- og serviceavtalar for transport og deponering av avfall.

Helse

Stord kommunale eigedom KF er ein IA bedrift og jobbar aktivt med sjukefråvær heile tida. Dette viser igjen på sjukefråværet. Statistikken for eigedomsføretaket syner i 2015 eit samla sjukefråvær på 5,44 % mot 6,79 % i 2014.

For Stord kommune syner statistikken eit samla sjukefråvær på 7,57 % i 2015, medan det var på 8,33 % i 2014.

Styret og styresaker

Føretaket er organisert med eit eige styre, og har i dag 5 medlemmer samansett av 4 representantar frå det private næringsliv i kommunen valt av kommunestyret og eitt medlem valt av dei tilsette. I tillegg er det 4 varerepresentantar.

Medlemmer:

Bjarte Salomonsen	styreleiar
Hilde Førland Eide	nestleiar
Björg Tislevoll	styremedlem
Jørn Olav Myhre	styremedlem
Espen Lamo	tilsettere representant

Vara medlemmer:

Håkon Frode Særstein	fast vara frå okt. 2015
Ove Nesbø	fast vara tilsettere representant
Målfrid Hagen Dramdal	
Einar Eide	

Styret har i 2015 halde 9 styremøte og handsama til saman 21 saker (orientering- og vedtakssaker). Stord kommunale eigedom KF har for 2015 handsama og oversendt 8 saker til kommunestyret for endeleg godkjenning.

Årsrekneskap 2015

Årsresultatet for 2014 føreligg for Stord Kommunale Eigedom KF. Driftsresultatet i 2015 vart med kr. 1 481 965,- i pluss. Dette er eit resultat av stram og god økonomistyring.

Tabellen nedanfor syner oppsummering av resultat og balanse for Stord kommunale eigedom KF.

Oppsummering resultat og balanse SBE 2012, 2013, 2014 og 2015					
<i>Tal i NOK 1 000</i>					
RESULTAT	2015	82015	2014	2013	2012
Driftsinntekter	89 556	80 468	111 026	100 120	145 499
Driftsutgifter	71 235	42 368	88 703	84 138	126 745
Brutto driftsresultat	18 321	38 100	22 322	15 982	18 754
Resultat av finansutgifter og avskrivningar	-14 297	-	-15 315	-11 288	-14 147
Netto driftsresultat	4 024	38 100	7 007	4 694	4 607
Avsetningar	2 543	-	5 733	4 511	6 122
Resultat	1 481	-	1 274	183	-1 515
BALANSE	2015	%	2014	2013	2012
Anleggsmidler	839 538	97,7 %	813 143	797 012	785 380
Omløpsmidlar	20 970	2,3 %	19 122	13 444	29 346
Eigedeler	860 508		832 264	810 456	814 727
Eigenkapital	210 108	24,3 %	202 127	192 617	203 659
Langsiktig gjeld	630 911	73,4 %	610 580	594 846	572 278
Kortsiktig gjeld	19 489	2,3 %	19 557	22 993	38 791
Eigenkapital og gjeld	860 508		832 264	810 456	814 727

Stord, den 18. mars 2016


Magnus Mjør
Rådmann


Arne Bjelland
Dagleg leiar